



SURNADAL KOMMUNE

Kontor

Det Kongelige kommunal- og arbeidsdepartementet

Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
18 DES 2005	
05 11594-114	
Ark.	650.0
Avd.	KO 1 27 1 DV

Dykkar ref.

Vår ref.
LG/05/02184-005

Arkivkode
024 &13

Dato
08.11.2005

MELDING OM POLITISK VEDTAK - SAMSPILL OG TILLIT - OM STATEN OG LOKALDEMOKRATIET - NOU 2005:6

Kommunestyret har i møte 20.10.2005, sak 0078/05 fatta følgjande vedtak:

Som ein generell kommentar til temaet vil Surnadal kommunestyre trekkje fram at ein no har fått til uttale fleire utgreingar som grip inn i kvarandre. Tid bør no snart vere inne for handling og til å setje ting ut i livet.

Surnadal kommunestyre vil gje følgjande uttale til NOU 2005:6 Samspill og tillit – Om staten og lokaldemokratiet.

Samspel og tillit

Ved at kommunane står mest muleg fritt i å utforme politikken, blir det meningsfullt å delta i lokalpolitikken og mulegheitene for å oppnå lokal tilpassing og effektivitet blir auka. Det er naturlegvis behov for innslag av statleg styring på nokre område der dette medverkar til auka rettssikkerheit og likeverd. Utan eit godt samspel vil stat - kommune - forholdet bli prega av ueinighet, låg tillit, ansvarsfråskrivning osv. For å kunne få til eit godt samspel vil eit tiltak kunne vere å legge til rette for ei ordning med hospitering mellom forvaltningsnivåa.

Kommunen sitt handlingsrom.

Utan eit lokalpolitisk spelerom blir deltaking i lokalpolitikken uinteressant. Surnadal kommune meiner alle norske kommunar fortsatt bør vere generalistkommunar som skal ha sine breie ansvarsområde, og at dei skal stå mest muleg fritt til å prioritere mellom sektorar. Dersom det er muleg å utøve lokalt politisk skjønn, bør ei oppgåve leggest til kommunane og fylkeskommunane. Sterkt regelstyrte oppgåver som ikkje krev lokalpolitisk styring kan vurderast overført til staten.

Økonomisk handlingsrom er ein del av det kommunale sjølstyret. Kommunane opplever i dag ein ubalanse i økonomien. Det må vere ein føresetnad at nye statlege reformar som skal iverksettast av kommunane må vere tilstrekkeleg finansiert. Balansen i kommuneøkonomien må gjenopprettast. Det må utviklast tettare partnerskap mellom kommune-Noreg ved Kommunenes sentralforbund og Regjeringa

Det er vesentleg at mulegheitene for kommunane til å drive samfunnsutvikling blir styrka. Arbeidet med lokalsamfunnsutvikling bidrar til auka engasjement i lokalpolitikken.

Folkevalt styring eller embetsmannsstyring.

All politikkutforming bør leggest til folkevalde organ og Fylkesmannen sine oppgåver bør avgrensast til tilsyn, klage, legalitetskontroll og dialog for å sikre at kommunane gjennomfører dei store velferdsoppgåvene slik Stortinget har fastsett.

Grunnlovsfesting av det kommunale sjølvstyret.

Surnadal kommune er einige i at prinsippet om kommunalt sjølvstyre blir grunnlovsfesta.

Friare kommunal beskatningsrett.

Friare lokal beskatningsrett er eit grunnleggjande trekk ved det kommunale sjølvstyre. Fri beskatningsrett vil føre til at lokalpolitikken får ein ny dimensjon som kan bidra til auka deltaking og engasjement. Kommunane bør få større friheit i skattepolitikken ved at maksimalreguleringa for kommunal inntektsskatt blir fjerna. Reglane som gjeld eigedomsskatten bør reformerast for å gje kommunane større fridom.

I framtida må distrikta få større moglegheit til egne inntekter frå næringsverksemd som legg beslag på naturressursane. Til dømes må avgiftene oppdrettsnæringa betaler til staten for å få konsesjon i staden gå til kommunane der anlegga ligg. I tillegg bør ein vurdere å innføre ein naturressursskatt som ein del av det samla skattesystemet.

Med helsing


Lilliann Bøe Grayold
sekretær

Vedlegg: Samla saksframstilling sak 0078/05 i Surnadal kommunestyre

SURNADAL KOMMUNE

VEDLEGG

05 11594-114

SAMLET SAKSFRAMSTILLING

SAMSPILL OG TILLIT - OM STATEN OG LOKALDEMOKRATIET - NOU 2005:6

Saksbehandler: Råg Ranæs
Arkivsaksnr.: 05/02184

Arkiv: 024 &13

Saksnr.: Utvalg

Møtedato

0102/05 Formannskapet

11.10.2005

0078/05 Kommunestyret

20.10.2005

Saksbehandler: Råg Ranæs

Arkivsaksnr.: 05/02184-001

Arkiv: 024 &13

SAMSPILL OG TILLIT - OM STATEN OG LOKALDEMOKRATIET - NOU 2005:6

Vedlegg: NOU 2005: 6 Samspill og tillit, kap. 1 – problemstillinger, samandrag, mandat og samansetting.

Ikkje utsendt vedlegg: NOU 2005:6 utanom kap. 1.

Bakgrunn for saka:

Regjeringa sette i 2004 ned ein lokaldemokratikommisjon som i mai 2005 la fram sin første NOU, med forslag til å betre samspillet mellom stat og kommune og styrke det lokale sjølvstyret. Kommisjonen sine analysar og vurderingar har teke utgangspunkt i den pågåande debatten om lokaldemokratiet. Nøkkelbegrepa både i mandatet og innstillinga er handlingsrom, tillit og samspel. Dette er tema som har sær sær viktig uavhengig av både talet på kommunar og forvaltingsnivå. Kommisjonen sine forslag og tilrådingar er først og fremst å finne i tre kapittel:

- I kapittel 6, *samspill for tillit*, foreslår kommisjonen en rekke tiltak for å styrke samspillet mellom kommunesektoren og staten.
- I kapittel 7, *det kommunale sjølvstyrets juridiske status*, foreslår kommisjonen at det kommunale sjølvstyret grunnlovfestes.
- I kapittel 8; *Friere lokal beskatningsrett*, foreslår kommisjonen at kommunene får større friheit i skattepolitikken ved at maksimalreguleringen for kommunal inntektsskatt fjernes.

Kommisjonen har lagt eit overordna omsyn til grunn i sitt arbeid: *Å øke deltakelsen og engasjementet i lokalpolitikken*. Forutsetninga for å få dette til er at samspillet mellom nivåa er godt og at det lokale politiske spillerommet blir utvida og gjort tydeleg.

Ei arbeidsgruppe med ordførar, rådmann, kontorleiar og Lilly Gunn Kvande som medlemmer, har utarbeidd framlegg til uttale.

Arbeidsgruppa si tilråding:

Som ein generell kommentar til temaet vil Surnadal kommunestyre trekkje fram at ein no har fått til uttale fleire utgreiingar som grip inn i kvarandre. Tid bør no snart vere inne for handling og til å setje ting ut i livet.

Surnadal kommunestyre vil gje følgjande uttale til NOU 2005:6 Samspill og tillit – Om staten og lokaldemokratiet.

Samspel og tillit

Ved at kommunane står mest muleg fritt i å utforme politikken, blir det meiningsfullt å delta i lokalpolitikken og mulegheitene for å oppnå lokal tilpassing og effektivitet blir auka. Det er naturlegvis behov for innslag av statleg styring på nokre område der dette medverkar til auka rettssikkerheit og likeverd. Utan eit godt samspel vil stat - kommune - forholdet bli prega av ueinighet, låg tillit, ansvarsfråskrivning osv. For å kunne få til eit godt samspel vil eit tiltak kunne vere å legge til rette for ei ordning med hospitering mellom forvaltningsnivåa.

Kommunen sitt handlingsrom.

Utan eit lokalpolitisk spelerom blir deltaking i lokalpolitikken uinteressant. Surnadal kommune meiner alle norske kommunar fortsatt bør vere generalistkommunar som skal ha sine breie ansvarsområde, og at dei skal stå mest muleg fritt til å prioritere mellom sektorar. Dersom det er muleg å utøve lokalt politisk skjønn, bør ei oppgåve leggest til kommunane og fylkeskommunane. Sterkt regelstyrte oppgåver som ikkje krev lokalpolitisk styring kan vurderast overført til staten.

Økonomisk handlingsrom er ein del av det kommunale sjølstyret. Kommunane opplever i dag ein ubalanse i økonomien. Det må vere ein føresetnad at nye statlege reformar som skal iverksettast av kommunane må vere tilstrekkeleg finansiert. Balansen i kommuneøkonomien må gjenopprettast. Det må utviklast tettare partnerskap mellom kommune-Noreg ved Kommunenes sentralforbund og Regjeringa

Det er vesentleg at mulegheitene for kommunane til å drive samfunnsutvikling blir styrka. Arbeidet med lokalsamfunnsutvikling bidrar til auka engasjement i lokalpolitikken.

Folkevalt styring eller embetsmannsstyring.

All poltikkutforming bør leggest til folkevalde organ og Fylkesmannen sine oppgåver bør avgrensast til tilsyn, klage, legalitetskontroll og dialog for å sikre at kommunane gjennomfører dei store velferdsoppgåvene slik Stortinget har fastsett.

Grunnlovsfesting av det kommunale sjølvstyret.

Surnadal kommune er einige i at prinsippet om kommunalt sjølvstyre blir grunnlovsfesta.

Friare kommunal beskatningsrett.

Friare lokal beskatningsrett er eit grunnleggjande trekk ved det kommunale sjølvstyre. Fri beskatningsrett vil føre til at lokalpolitikken får ein ny dimensjon som kan bidra til auka deltaking og engasjement. Kommunane bør få større friheit i skattepolitikken ved at maksimalreguleringa for kommunal inntektsskatt blir fjerna. Reglane som gjeld eigedomsskatten bør reformerast for å gje kommunane større fridom.

I framtida må distrikta få større moglegheit til eigne inntekter frå næringsverksemd som legg beslag på naturressursane. Til dømes må avgiftene oppdrettsnæringa betaler til staten for å få konsesjon i staden gå til kommunane der anlegga ligg. I tillegg bør ein vurdere å innføre ein naturressursskatt som ein del av det samla skattesystemet

Behandling i Formannskapet den 11.10.2005Forslag:

Else B. Andresen sette fram slikt forslag:

Avsnittet om friare kommunal beskatningsrett som forslaget, men med denne endringa:
Kommunane bør få større friheit i skattepolitikken.

Votering:

1. Tilrådinga fram til avsnittet om lokal beskatningsrett samrøystes vedteke.
2. Tilrådinga til avsnittet om lokal beskatningsrett fekk 5 røyster, medan 2 røysta for forslaget frå Else B. Andresen.

Formannskapet si tilråding:

Som ein generell kommentar til temaet vil Surnadal kommunestyre trekkje fram at ein no har fått til uttale fleire utgreiingar som grip inn i kvarandre. Tid bør no snart vere inne for handling og til å setje ting ut i livet.

Surnadal kommunestyre vil gje følgjande uttale til NOU 2005:6 Samspill og tillit – Om staten og lokaldemokratiet.

Samspel og tillit

Ved at kommunane står mest muleg fritt i å utforme politikken, blir det meiningsfullt å delta i lokalpolitikken og mulegheitene for å oppnå lokal tilpassing og effektivitet blir auka. Det er naturlegvis behov for innslag av statleg styring på nokre område der dette medverkar til auka rettssikkerheit og likeverd. Utan eit godt samspel vil stat - kommune - forholdet bli prega av ueinigheit, låg tillit, ansvarsfråskrivning osv. For å kunne få til eit godt samspel vil eit tiltak kunne vere å legge til rette for ei ordning med hospitering mellom forvaltningsnivåa.

Kommunen sitt handlingsrom.

Utan eit lokalpolitisk spelerom blir deltaking i lokalpolitikken uinteressant. Surnadal kommune meiner alle norske kommunar fortsatt bør vere generalistkommunar som skal ha

sine breie ansvarsområde, og at dei skal stå mest muleg fritt til å prioritere mellom sektorar. Dersom det er muleg å utøve lokalt politisk skjønn, bør ei oppgåve leggest til kommunane og fylkeskommunane. Sterkt regelstyrte oppgaver som ikkje krev lokalpolitisk styring kan vurderast overført til staten.

Økonomisk handlingsrom er ein del av det kommunale sjølvstyret. Kommunane opplever i dag ein ubalanse i økonomien. Det må vere ein føresetnad at nye statlege reformar som skal iverksettast av kommunane må vere tilstrekkeleg finansiert. Balansen i kommuneøkonomien må gjenopprettast. Det må utviklast tettare partnerskap mellom kommune-Noreg ved Kommunenes sentralforbund og Regjeringa

Det er vesentleg at mulegheitene for kommunane til å drive samfunnsutvikling blir styrka. Arbeidet med lokalsamfunnsutvikling bidrar til auka engasjement i lokalpolitikken.

Folkevalt styring eller embetsmannsstyring.

All poltikkutforming bør leggest til folkevalde organ og Fylkesmannen sine oppgaver bør avgrensast til tilsyn, klage, legalitetskontroll og dialog for å sikre at kommunane gjennomfører dei store velferdsoppgåvene slik Stortinget har fastsett.

Grunnlovsfesting av det kommunale sjølvstyret.

Surnadal kommune er einige i at prinsippet om kommunalt sjølvstyre blir grunnlovsfesta.

Friare kommunal beskatningsrett.

Friare lokal beskatningsrett er eit grunnleggjande trekk ved det kommunale sjølvstyre. Fri beskatningsrett vil føre til at lokalpolitikken får ein ny dimensjon som kan bidra til auka deltaking og engasjement. Kommunane bør få større friheit i skattepolitikken ved at maksimalreguleringa for kommunal inntektsskatt blir fjerna. Reglane som gjeld eigedomsskatten bør reformerast for å gje kommunane større fridom.

I framtida må distrikta få større moglegheit til eigne inntekter frå næringsverksemd som legg beslag på naturressursane. Til dømes må avgiftene oppdrettsnæringa betaler til staten for å få konsesjon i staden gå til kommunane der anlegga ligg. I tillegg bør ein vurdere å innføre ein naturressursskatt som ein del av det samla skattesystemet.

Behandling i Kommunestyret den 20.10.2005

Forslag:

Else Brandvoll Andresen sette fram sitt forslag i formannskapetets behandling:
Avsnittet om friare kommunal beskatningsrett som forslaget, men med denne endringa:
Kommunane bør få større friheit i skattepolitikken.

Votering:

1. votering: Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

2. votering: Forslaget frå Else Branvoll Andresen fekk 10 røyster, medan Formannskapet si tilråding fekk 17 røyster.

Kommunestyret sitt vedtak:

Som ein generell kommentar til temaet vil Surnadal kommunestyre trekkje fram at ein no har fått til uttale fleire utgreiingar som grip inn i kvarandre. Tid bør no snart vere inne for handling og til å setje ting ut i livet.

Surnadal kommunestyre vil gje følgjande uttale til NOU 2005:6 Samspill og tillit – Om staten og lokaldemokratiet.

Samspel og tillit

Ved at kommunane står mest muleg fritt i å utforme politikken, blir det meiningsfullt å delta i lokalpolitikken og mulegheitene for å oppnå lokal tilpassing og effektivitet blir auka. Det er naturlegvis behov for innslag av statleg styring på nokre område der dette medverkar til auka rettsikkerheit og likeverd. Utan eit godt samspel vil stat - kommune - forholdet bli prega av ueinighet, låg tillit, ansvarsfråskrivning osv. For å kunne få til eit godt samspel vil eit tiltak kunne vere å legge til rette for ei ordning med hospitering mellom forvaltningsnivåa.

Kommunen sitt handlingsrom.

Utan eit lokalpolitisk spelrom blir deltaking i lokalpolitikken uinteressant. Surnadal kommune meiner alle norske kommunar fortsatt bør vere generalistkommunar som skal ha sine breie ansvarsområde, og at dei skal stå mest muleg fritt til å prioritere mellom sektorar. Dersom det er muleg å utøve lokalt politisk skjønn, bør ei oppgåve leggest til kommunane og fylkeskommunane. Sterkt regelstyrte oppgåver som ikkje krev lokalpolitisk styring kan vurderast overført til staten.

Økonomisk handlingsrom er ein del av det kommunale sjølstyret. Kommunane opplever i dag ein ubalanse i økonomien. Det må vere ein føresetnad at nye statlege reformar som skal iverksettast av kommunane må vere tilstrekkeleg finansierte. Balansen i kommuneøkonomien må gjenoppsettast. Det må utviklast tettare partnerskap mellom kommune-Noreg ved Kommunenes sentralforbund og Regjeringa

Det er vesentleg at mulegheitene for kommunane til å drive samfunnsutvikling blir styrka. Arbeidet med lokalsamfunnsutvikling bidrar til auka engasjement i lokalpolitikken.

Folkevalt styring eller embetsmannsstyring.

All politikkutforming bør leggest til folkevalde organ og Fylkesmannen sine oppgåver bør avgrensast til tilsyn, klage, legalitetskontroll og dialog for å sikre at kommunane gjennomfører dei store velferdsoppgåvene slik Stortinget har fastsett.

Grunnlovsfesting av det kommunale sjølvstyret.

Surnadal kommune er einige i at prinsippet om kommunalt sjølstyre blir grunnlovsfesta.

Friare kommunal beskatningsrett.

Friare lokal beskatningsrett er eit grunnleggjande trekk ved det kommunale sjølvstyre. Fri beskatningsrett vil føre til at lokalpolitikken får ein ny dimensjon som kan bidra til auka deltaking og engasjement. Kommunane bør få større friheit i skattepolitikken ved at maksimalreguleringa for kommunal inntektsskatt blir fjerna. Reglane som gjeld eigedomsskatten bør reformerast for å gje kommunane større fridom.

I framtida må distrikta få større moglegheit til egne inntekter frå næringsverksemd som legg beslag på naturressursane. Til dømes må avgiftene oppdrettsnæringa betaler til staten for å få konsesjon i staden gå til kommunane der anlegga ligg. I tillegg bør ein vurdere å innføre ein naturressursskatt som ein del av det samla skattesystemet.

Utskrift sendt:

Dep.